

# Møteprotokoll

**Utval:** Ålfotbreen verneområdestyre  
**Møtestad:** Lavesteinen i Hope  
**Dato:** 09.06.2021  
**Tidspunkt:** 10:00 – 14:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jacob Andre Telvik Nødseth	Leder	Kinn
Irene Storøy	Nestleder	Bremanger
Janne Marie Solheim	Medlem	Gloppen
Åsmund Berthelsen	Medlem	Vestland

## Merknader

Styremøtet vart gjennomført i samband med synfaring i Hope og til Lavesteinen.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Sverre Sæten	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 6/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 7/21	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 2/21	Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak styremøte 2/2021		2019/4056
RS 3/21	Ålfotbreen verneområdestyre - status på arbeidet med nasjonalparkstatus		2020/8992
RS 4/21	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2021		2019/10793
ST 8/21	Eventuelt		

## **ST 6/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 09.06.2021**

### **Vedtak**

Merknad til innkalling:

Programmet for dagen med synfaring og møte vart endra. Det vart ikkje høve til tur med båt på Hyefjorden.

Det vart i staden synfaring i Hope og langs stien opp til Lavesteinen.

Denne endringa kom etter at innkalling med saksdokument var sendt ut, men styret vart informert so snart den endringa vart gjort.

Med den merknaden vart innkallinga godkjent.

Sakliste vart godkjent utan merknader.

## **ST 7/21 Signering av protokoll frå førre møte**

### Framlegg til vedtak:

Protokollar frå styremøte 4/2020 og 1/2021 vert godkjent og signert

## **Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 09.06.2021**

### **Vedtak**

Protokollane frå styremøta 4/2020 og 1/2021 vart godkjent og signert.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	2/21	09.06.2021

## Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak styremøte 2/2021

Vi har ikkje fått gjort noko fysisk ute enno, men vi har gjort ein del førebuingar og tinga varer og tenester.

1	Informasjonsskilt ved Strømsneskrysset	Har fått løyve frå FK til å sette opp skiltet. Skilt er bestilt frå Stryvo i Stryn. Hatt synfaring med Gravdal som skal montere.
2	Turskilt	
3	Ny wire i Sælebotskora	SNO har skaffa wire. Bør få transportert opp med helikopter. Kan kombinerast med bru Skarvevatnet
4	Tilrettelegging i innfallspørt Førdedalen	Gapahuk er levert i Ålfoten. Grunneigarlag skal i utgangspunktet sjølv lage til "tomt". Montering skal vere enkelt, her kan vi kanskje hjelpe til.
5	Ny bru ved Skarvevatnet	Brua er bestilt, vert levert i år. Transport opp med helikopter. Forvaltning, SNO og Arkeoplan monterer.
6	Innfallspørt Grøndalen	Grunneigar Solvang positiv. Har snakka med FK, treng ikkje søknad. Hatt synfaring med Gravdal, dei har fått "grønt lys".
7	Utbetring av veg i Hope	

Det er ikkje betalt ut eller brukt tiltaksmidlar enno.

Meir detaljert oversikt ligg vedlagt. Spørsmål til dei ulike tiltaka kan vi ta i møtet.

**Vedtak: Styret til orienteringa til vitande**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/21	09.06.2021

### **Ålfotbreen verneområdestyre - status på arbeidet med nasjonalparkstatus**

Miljødirektoratet har sendt brev til Klima- og miljødepartementet med fagleg vurdering og innstilling på kva område som bør verte nye nasjonalparkar i Noreg. Ålfotbreen LVO er med på denne lista. Det vil seie at Miljødirektoratet meiner at verneverdiane og naturkvalitetane er gode nok, og at området "kvalifiserer" som nasjonalpark. Dei har og vurdert at det truleg er lokal interesse og aksept vor nasjonalpark som verneform.

Saka har fått ei viss interesse i media, og her er det Ålfotbreen som har vore trekt fram. Saka, med bilete frå Ålfotbreen, låg høgt på nrk.no på pinsedag. Bileta på alfotoebreen.no, som vi lanserte i fjor, var særskild medverkande til at det vart sak og at Ålfotbreen kom i fokus.

No ligg saka i departementet. Eg er usikker på korleis og kor lang den vidare prosessen blir, men skal det verte nasjonalpark må det på eit tidspunkt leggjast fram framlegg til grenser og nye vernereglar. So blir det nok ein meri eller mindre vanleg verneprosess med høyringar, eventuelle justeringar og til slutt eit vernevedtak av Kongen i Statsråd.

Vedlagt ligg notat frå Miljødirektoratet med vurderingane dei har gjort.

***Vedtak: Styret til orienteringa til vitande***

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/21	09.06.2021

## Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2021

### Korona

Korona og smittevernsreglar påverkar "drifta" av verneområdet i liten grad. Alle møte hos Statsforvaltaren føregår no digitalt, men ville dei nok i stor grad gjort uansett grunna geografisk spreining.

### Rammeavtalar om kjøp av tenester

Etter anbodskonkurransen har vi skrive avtalar med Bygdeservice AS om arbeid i Nordfjord og Gravdal Skog og Hageservice om arbeid i Sunnfjord. I tillegg har vi ein avtale med ei verksemd som heiter Skogkonsult om større hogstopdrag.

### Nye nettsider for styret

Vi har no fått publisert nye styresider. Dei finn de her:

<https://www.nasjonalparkstyre.no/Alfotbreen/>

Dei nye sidene ser veldig mykje betre ut, er meir oversiktlege og er veldig mykje enklare å bruke enn dei gamle. Innhaldet er stort sett det same, men eg har ikkje lagt opp til nyheitssaker på den nye sida.

### Evaluering av forvaltningsordning

Miljødirektoratet har gjennomført ei evaluering av forvaltningsordninga for nasjonalparker og store landskapsvernområde. I tillegg har dei evaluert prøveordningar med grunneigar- og partssamansette verneområdestyre.

Hovudkonklusjonane er at lokal forvaltning verken har svekka eller styrka verneverdiane. Lokalt eigaskap er styrka og konfliktnivået er redusert. Samstundes har ikkje lokal medverknad fungert heilt etter intensjonen. Mykje er bra, men noko kan verte betre.

Brevet frå Miljødirektoratet ligg vedlagt.

### Administrativt kontaktutval

Administrativt kontaktutval skal ha sitt første møte 15.juni.

### ***Vedtak: Styret til orienteringa til vitande***

**ST 8/21 Eventuelt**

**Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 09.06.2021**

Ingen saker